



Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd 18.03.2024 i Granvin

Tilstades:

Eid fjord kommune	Ungdomsrådsleiar Anders Myklatun Hole
Eid fjord kommune	Ungdomsrådsnestleiar Eivind Bu
Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Ida Djupevåg
Kvam herad	Ungdomsrådsnestleiar Vegard Eide Aase
Voss herad	Ungdomsrådsnestleiar Emil Velken Soldal
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsleiar Isak Bayati
Ulvik herad	Ungdomsrådsleiar Sophia Basilio
Ulvik herad	Ungdomsrådsnestleiar Johanne Hjeltnes

Ikkje møtt:

Voss herad	Ungdomsrådsleiar Sara Michelle Clarke-digitalt
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsnestleiar Ylva Svåsand Førde

Kontaktpersonar:

Kvam herad:	Kari Weltzien Vik
Ulvik herad:	Tor Schei Hellesnes-digitalt
Voss herad:	Eivind Lorentzen Djønne-digitalt
Ullensvang kommune:	Linn Østerbø
Hardangerrådet iks:	Trude Lægreid Rinaldo

SAKLISTE:

HU-sak 13/24 Hardanger og Voss Opplæringskonferanse 2024

Gjennomgang program og arbeidsoppgåver for Opplæringskonferansen 2024:

Vedtak

Velkommen:

Vegard Eide Aase og Ida Djupevåg ønskjer velkommen til konferansen, medan alle i HU står bak dei på scenen.

Møteleiing:

Vegard Eide Aase og Sara Michelle Clarke er møteleiarar saman.

BLI KJENT leikar:

1. Påstandsliken: Eid fjord ungdomsråd har ansvar for førebuing og gjennomføring.
2. Signaturleiken: Ulvik ungdomsråd har ansvar for førebuing og gjennomføring.(Trude har spørsmåla og kopierer opp)

Introduksjon/Inspirasjon:

Me inviterar 3 personar som representerar kvar sitt steg inn i engasjement og politikk.

Steg 1: Sara Michelle Clarke - nyleg meldt seg inn i eit ungdomsparti.

Steg 2: Oda Medhus - nyleg valgt til fylkesleiar i ungdomsparti.

Steg 3: Tonje Såkvitne - nyleg valgt til ordførar i Voss herad.

Trude spør desse tre om dei kan vera med på dette ved å senda mail: "Hei! Me har veldig lyst at de skal koma på vår Opplæringskonferansen, og representera 3 ulike steg i din politiske karriere. Opplæringsdagen er 15.04.2024 i Bygdahuset i Granvin

Dette ønskjer me de pratar om:

1. Kvifor har de engasjert dykk?
2. Når starta du å engasjera deg?
3. Kvifor valgte de å gå vidare?
4. Har du nokre forbilder?
5. Er det nokon spesielle personar som har hjulpe deg på vegen?
6. Kva hadde du endra på om du var statsminister for 1 dag?
7. Kva kan vera med å styrka ungdomsarbeid?
8. Gode råd?

Førebuing gruppearbeid:

Ein representant frå ungdomsrådet på kvart tema. Dei får også ansvar for å ha klart 5 spørsmål kvar. Trude sender påminning på mail til alle og ber dei førebu 5 spørsmål til si oppgåve, og svar på mailen med dei.

1. Kollektivtilbod - Ida Djuprevåg
2. Mobilforbud i skulen - Johanna Hjeltnes
3. Innvandring - Sofia Basilio
4. Naturvern - Anders Myklatun Hole
5. Hærverk - Eivind Bu

Nokre forslag frå i møte:

1. Kollektivtilbod

Kva er ein fornøgd med? Finn ut kva folk ønskjer seg av tilbod.
Fylket må invistera meir i busstilbud, og me treng fleire på kveldstid.

2. Mobilforbud i skulen

Alle er enige om at noko må gjerast. Korleis få til endring?
Korleis skille mellom barne-, ungdoms-, og vidaregåande skule ?

3. Innvandring - fokuser på kva som er positivt.

Fokuser gjerne på det positive:

- kva syns det om innvandring?
- kva er positivt med innvandring?

4. Naturvern

Kva tiltak bør gjerast for å ta vare på naturen? Naturvern vert ofte sett på som negativt for samfunnsutvikling. Er det motsetningar mellom næring og natur?

5. Hærverk

Set f.eks utagerande oppførsel opp mot det å ha tilbud på fritida.

Oppdatert program:

- 09.30 Registrering og noko å bite i
- 10.00 Velkommen v/ Hardanger og Voss ungdomsråd og
Rådsordførar i Hardanger
- 10.15 Bli kjent leikar!
- 10.45 Introduksjon
- 11.15 Lunsj
- 12.00 Gruppearbeid Spørsmålsrunde 5 bord
- 13.00 Presentasjon frå alle gruppene
- 13.30 Paneldebatt med HU i panelet.
- 14.10 Paneldebatt med folkevalde med fleire.
- 14.45 Felles oppsummering - inntrykk frå dagen v/ heile rådet.
- 15.00 Slutt

Desse temaene skal vera debatterast under debatt 1 og debatt 2

- **Kommunesamanslåing**
- **Hytteutbygging**
- **Fritidstilbud**
- **Eksamens**
- **Betre vegar i Hardanger**

HU-sak 14/24 Nytt frå kvart ungdomsråd

VOSS:

Rolig vinter og vår

EIDFJORD

Diskuterte paddelbanen, kvar den skal ligga og kor ungdomane helst vil ha den, og om det er interesse for å ha den.

ULLENSVANG

Valg av skriftspråk på dei ulike skulane i Ullensvang. Nynorsk på alle utenom Tyssedal.

Fylkesting for ungdom, der ein vedtok å senda leiar.

Det var eit større føredrag for ungdom i Odda, der psykisk helse var tema. Simen Almås
Dei har også prata litt om opplæringskonferansen, og kor mange som kunne koma.

ULVIK

Første innlegg frå naturvern - naturverntsmangfaldplanene på høring

Opplæringskonferansen

Innvandring, mobilforbruk ogs.

Møteplass for ungdom ute.

KVAM

Vil senda leiar på nettmøte. Har prata om korleis få gjennomslag for saker, og korleis ein i rådet
har arbeidd systematisk for at ungdom si stemme skal verta høyrd.

Har fleire oppdrag med Redd Barna - workshop på rådhuset i morgen. Mykje arbeid med å
fordela oppgåver

Ida skal til Riga på Nordisk /Baltisk ungdomsprosjekt - om demokrati og medverknad av ungdom.
9.-12 april er det demokratiopplæring av ungdomsråda for mellomtrinnet og ungdomstrinnet.
Vegard skal vera med å halda innlegg på demokratikonferanse i Oslo.

HU-sak 15/24 Orienteringssaker og saker melde inn ved møtestart

Inger saker melde ved møtestart.

Referat v/ Trude Rinaldo